

STELLA EAST

ULVEUNGEN SIM

Forteljingar om Verda Utanfor



SKALD

Una er ei vakker ulvetispe. Ho veit korleis det er å springe og springe og aldri sjå eit gjerde. Ho veit korleis det er å leve og jakte i flokk.

Ein gong budde ho i Verda Utanfor. Der er det tre og skogar, elvar og innsjøar, ein himmel som skiftar frå dag til natt. Ein gong var Verda Utanfor den einaste ho visste om.

No bur ho ikkje lenger i Verda Utanfor. Ho bur i ein dyrehage.





For ein måned sidan vart Una mor til ein liten ulvekvelp. Ho gav han namnet Sim.

Sim har aldri vore i Verda Utanfor, men han elsker å høyre om ho. Når mora fortel, kan Sim nesten sjå for seg dei små ulvane som leiker. Det er som om han kjenner lukta av solvarm skog i nasebora, og i fantasien høyrer han dei mest fantastiske hyle-mot-månen-konsertane. Når Una fortel, skin auga hennar, og av og til lograr ho.





Nokre gongar fortel Una om korleis det var ein gong for lenge, lenge sidan – då det ikkje var anna lys i verda enn det som kom frå sola, månen, stjernene eller eldstadene til menneska.

«Menneska levde i stammar, slik ulvane levde i flokk. Den gongen var det slik at mennesket og ulven kunne ha nytte av kvarandre. Ulven kunne varsle jegerane om at det var vilt i nærleiken, og ulvane kunne forsyne seg av restar som menneska la igjen etter seg, eller dei kunne fullføre jakta på eit dyr som jegerane berre hadde såra.

Nokre av ulvane forlét flokken sin og slo følgje med menneska. Dei vart til hundar.»

«Kva fekk dei til å gjere noko slikt?» spurde Sim. «Kvifor ville dei ikkje vere ulvar lenger?»

«Fordi dei etter ei stund berre kjende denne verda,» forklarte Una. «Dessutan gav menneska dei mat og ein varm stad å sove.»

«Men ulvane hadde vel også mat, hadde dei ikkje?» spurde Sim.

«Jau ... i alle fall det meste av tida,» svarte ho, og så fortalde ho om korleis det var då ho var kvelp.







Fakta om ulv

Ulv i Noreg

I Noreg lever det ulv i dei store barskogområda i grensetraktene mot Sverige – i fylka Hedmark, Akershus og Østfold. I tillegg vil streifdyr, som til vanleg er unge, kjønnsmodne dyr, vandre over store delar av Sør-Noreg på leit etter ein partner og eit nytt revir. Tidlegare var det ulv også mange andre stader i landet, som i fjella og på Vestlandet.

Ulv streifar mellom Noreg, Sverige, Finland og Russland. Før i tida hadde Noreg ein bestand på fleire tusen ulvar, men ulven vart nesten utrydda etter intens jakt frå midten av 1800-talet til byrjinga av 1900-talet. I Skandinavia var det truleg berre 8–10 ulvar som overlevde. I dag er det truleg færre enn 30 ulvar i Noreg.

Ulv i verda

I heile verda lever det i dag truleg 150 000–200 000 ulvar. Dei fleste finn vi i Canada (opp mot 60 000), tidlegare Sovjetunionen (ca. 55 000) og Mongolia (ca. 30 000). I Europa er det i alt rundt 60 000 gråulvar. Dei lever stort sett i Russland og delar av Aust-Europa. I Vest-Europa har vi berre 3 000–3 600 ulvar. I Norden er bestanden på mellom 185 og 320 dyr, dei fleste i Finland (125–175 dyr).

Ulv eller hund?

Det er gråulv (lat: *Canis lupus lupus*) som bur i Noreg. Gråulven vert rekna som stamfar til tamhunden, som har det latinske namnet *Canis lupus familiaris*. Dei tidlegaste funna av skjelettrestar av hundar er omkring 30 000 år gamle. Desse vart funne i nærleiken av menneskelege skjelettrestar. Tamhunden slik vi kjenner han i dag, vert rekna for å vere rundt 10 000 år gammal.

Kor stor vert ein ulv?

Ein vanleg gråulv er normalt 65 til 90 cm i skulderhøgde, og 1,3 til 2 m lang frå nasen til haletippen. I gjennomsnitt veg han 30 til 50 kg. Tispene er noko mindre enn hannulvane.

Kor fort kan ein ulv springe?

Over korte avstandar kan ein ulv komme opp i ein fart på 50 km/t. På ein dag kan han leggje bak seg over 100 km.

Kva er ein ulveflokk?

Ulvar er sosiale rovdyr som lever i flokk og hevdar revir. Flokken består av eit leiarpar, også kalla alfa-paret, og det næraste avkomet deira. Normalt er det berre leiarulvane som får ungar. Ulvar utanfor familien kan også slutte seg til flokken.

Kor mange ulver lever i ein flokk?

I Noreg er det til vanleg 6–10 ulvar i ein ulveflokk, medan det i Russland og Nord-Amerika kan vere opp mot 30 ulvar i ein flokk. Kvar flokk har sitt

eige revir. Reviret må vere stort nok, 100 til 800 km², for at ulvane skal kunne finne nok mat og vatn innanfor området. Ulvane markerer grensene til reviret mellom anna ved å urinere på steinar og busker. Dette gjer dei for å åtvare andre ulvar om at området er oppteke. Flokken samarbeider gjerne om å skaffe føde, men han kan også dele seg opp i mindre einingar. Ein flokk kan nedleggje byttedyr som er mange gonger større enn ulven sjølv.

Kva et ulvar?

I Noreg er elg hovudbyttet for ulven. Ulv et også rådyr, hjort, rein, grevling, smånagarar og fugl, eller plantekost og åtsel. Dei er altså ganske fleksible med omsyn til kosthaldet.

Ein ulv kan overleve på rundt 1,6 kg mat i døgnet, men for å kunne reprodusere seg må han minst ha 2,25 kg. Det kan gå fleire dagar mellom måltida, og han kan ete opp mot 9–10 kg når han først har teke eit bytte.

Kor mange kvelpar vert fødde i flokken?

Hoa føder til vanleg 4–6 ungar i tida februar til juni. Ho går drektig i 63 dagar. Kvelpane vert fødde i hiet. Som nyfødde kan dei ikkje sjå. Først etter ti dagar kan dei opne auga.

Kva et ulveungane?

Rett etter fødselen blir kvelpane amma av mora. Etter ei stund får de ein slags babygraut; mat som dei vaksne har togge, svelgt og gulpa opp igjen. Alle ulvane i flokken kan mate ungane på denne måten.

Heile flokken samarbeider om oppseding av kvelpane. Når kvelpane er tre månader gamle, er dei store nok til å vere med på jakt. Ein fjorten månader gammal ulv kan klare seg sjølv. Likevel er det vanleg at ungdyr følgjer flokken fram til toårs alder.

Korleis kommuniserer ulvane med kvarandre?

På same måte som hundar kommuniserer ulvar ved hjelp av kroppsspråk og lyder. Slik fortel dei kvarandre korleis dei har det, og dei stadfestar rangen sin i flokken. Ein ulv med halen mellom beina og senka hovud syner underkasting. Den overordna syner ofte tenner. Slik treng ikkje

ulvane å slåss om rangen innanfor sin eigen flokk. Ein og annan gong vil likevel ei yngre tisper eller ein yngre hann prøve å klatre på rangstigen, og kanskje til og med utfordre alfa-paret. Dersom alfa-tisper eller alfa-hannen er gammal, vil ein yngre og sterkare ulv kunne overta leiarposisjonen.

Når ulvar hylar, kan du høyre det på opptil 6–7 kilometers avstand. Dei hylar for å samle flokken, eller for å få andre ulveflokkar til å halde seg unna.

Kvifor er vi redde for ulven?

Ulvar kjem i konflikt med menneska når dei tek tamdyr som sauer. I følgje Norsk Institutt for Naturforskning finst det ingen dokumentasjon på at ein vill ulv har drepe eit menneske dei siste 200 åra.

Det er mange historier, myter og fablar der ulven er framstilt som stygg og farleg. I den gamle norrøne gudelæra er ulven Fenris så sterk at berre Gleipnir-lenka er kraftig nok til å halde han bunden. For å fange Fenris måtte guden Tyr ofre handa si i pant. Ved Ragnarok, når verda går under, er det Fenris som til slutt drep guden Odin.



Dominant



Underkasting



Total underkasting



Nøytral

Frykta for ulven vert også synleg i legenda om «varulven». Varulven er eit menneske som ved fullmåne vert til ein blodtørstig ulv. Når eit menneske vert bite av ein varulv, vert det sjølv til ein varulv. I middelalderen vart hundrevis av menneske i Europa kjend skuldige i å vere varulvar. Negative og skremmande historier bidreg til at mange er redde for ulven.

Vil vi ha ulven i naturen vår?

Trass i det er ulike meiningar om dette, har ulven i Noreg vore freda sidan 1973. I 1986 signerte Noreg Bern-konvensjonen som forpliktar oss til å oppretthalde levedyktige bestandar av dei opphavlege dyreartane i landet. I 1993 godkjende Noreg konvensjonen om biologisk mangfald, og i 2004 stemde eit stortingsfleirtal for å verne ulven.

Kvifor er ulven viktig?

Ulvar er ein del av det opphavlege økosystemet i Noreg og Skandinavia. Byttedyr som lever i eit miljø med ulvar, held seg mentalt vakne og fysisk sterke for å unngå å verte tekne. Når ulven tek eit bytte, får også andre dyr i næringskjeda, som ramn, ørn, rev, smånagarar og småfuglar, ta del i måltidet. Ulv og andre rovdyr er med på å halde balanse i økosystemet, fordi dei held bestandane av byttedyr nede.